

NASJONALBIBLIOTEKET

ÅRSRAPPORT
2021





Å ta vare på kjelder og gjera dei tilgjengelege handlar difor djupast sett verken om arkiv eller katalog, ikkje om lagring og bevaring, men om å gje folk høve til å kjenna seg sjølve.

FRÅ LEIARENS FRÅSEGN




NASJONALBIBLIOTEKET

ÅRSRAPPORT
2021



Likestilling 2021 – kjønnsfordeling



Leiarstillinger



Nøkkeltal frå årsrekneskapan

	2019	2020	2021
Årsverk	424,2	460,8	482,3
Tildeling post 01-99 *	592,1	688,2	767,3
Utnyttelsesgradsgrad post 01-29	98 %	95 %	90 %
Lønnsdel	51,4 %	51,6 %	53,1 %
Lønnsutgifter per årsverk	699 559	719 597	736 313
Tildeling post 80	52,0	52,4	82,4

* Tala er eksklusive overføringar frå året før, post 80 og inntekter



Lesesalen på Universitetsbiblioteket, i dag Nasjonalbiblioteket i Oslo.
Foto: Narve Skarpmoen, 1913–1915.

Innhald

Del I	Leiarens fråsegn	5
Del II	Introduksjon til verksemd og hovudtal	9
Del III	Aktivitetar og resultat i 2021	13
Del IV	Styring og kontroll i verksemda	39
Del V	Vurdering av framtidssikter	45
Del VI	Årsrekneskap	47



↓ Skiløperar ståande saman. Foto: Anders Beer Wilse, 1906.

DEL I

LEIARENS FRÅSEGN

HEILE HISTORIA

Noko av det fyrste ein lærer når ein studerer historia, er at det ikkje finst ei historie. Sjølv dei av oss som liker store forteljingar og lange samanhengar, må innsjå at historia, som så mykje anna, kjem an på auga som ser. Både auga til dei som levde i den tida me studerer, og auga til dei som studerer ho i ettertida. Å fortelja heile historia, som så mange hevdar å gjera i overskrifter eller reklame, er difor meir eller mindre umogleg.

Det som derimot er mogleg, er å studera historia og fortelja ho mest mogleg sannferdig. Og om ein skal gjera det, treng ein gode kjelder. Og mange kjelder. Di rikare kjeldetilfang me har tilgang til, di fleire og betre historier kan ein fortelja. Og di fleire historier me kan fortelja, di fleire folk kan finna seg sjølve, si historie og si slekt, si klasse eller sin stand i historia. Å ta vare på kjelder og gjera dei tilgjengelege handlar difor djupast sett verken om arkiv eller katalog, ikkje om lagring og bevaring, men om å gje folk høve til å kjenna seg sjølve. Og di meir samansett eller komplisert eit samfunn vert, di viktigare vert det for folk å kunne kjenna si eiga historie. Me mister ikkje lysta til å finna oss sjølve i historia når verda blir stor, tvert om.

Vi lever altså i ei tid som treng fleire og meir tilgjengelege kjelder. Og me lever heldigvis i ei tid kor det er mogleg å gjera stadig meir av historia tilgjengeleg. Når gamle arkiv, bøker, bilete, plakatar og, for den saks skuld, lyd og film vert digitaliserte, er det i teorien mogleg å spreia innhaldet til alle gjennom nettet. Så er det sjølvsagt lovar og rettar som set grenser for kven som kan få innsyn i kva, men tilstanden i dag er like fullt eit stort skritt fram frå ei tid kor ein måtte oppsøka eit statsarkiv og sitja der fysisk for å sjå kva som fanst der, eller eit bibliotek for å lesa gamle aviser.

Enno ligg kjeldene i mange ulike magasin landet rundt. Magasina til ulike institusjonar som har ulike

føremål. Men folk som søker kjelder på nettet, søker ikkje etter institusjonar. Dei bryr seg ikkje om eit bilete eller eit lydopptak ligg i samlinga til Musea i Akershus, Arkivverket eller Nasjonalbiblioteket, ikkje om det er Arbeiderbevegelsens arkiv eller Mjøsmuseet som eig eit dokument. Det dei derimot har gjort, er å venja seg til å finna det dei leiter etter, på nettet, og det er kunnskapen dei finn der, som er primærkjelda til nesten alt me gjer av kunnskapshenting no.

Eg er difor særleg stolt av at me på Nasjonalbiblioteket i år har tatt eit stort steg framover i samarbeidet med andre kulturarvinstitusjonar, både om digitalisering og tilgjengeleggjering av kjelder. I løpet av 2021 sende til



saman 30 institusjonar materiell til Rana for digitalisering, og me hadde møte og planar med i underkant av 70 andre institusjonar. Me digitaliserte 9 942 332 sider for Arkivverket, og me byrja å montera lagringsautomatane i dei to nye hallane for Arkivverket og Nasjonalbiblioteket i fjellet i Mo i Rana. Fem medarbeidarar frå Arkivverket hadde sine fyrste arbeidsdagar i lokala til Nasjonalbiblioteket på Mo, og det vart halde ei heil rekke møte mellom Nasjonalbiblioteket, Arkivverket og museumssektoren om korleis me skal samarbeida om å gjera alt det digitaliserte materialet tilgjengeleg for folk flest.

Om ikkje det var nok, opna me i lokala våre på Solli plass ei utstilling om Nansenpass, som i hovudsak synte fram materiale frå Riksarkivet. Dette er den fyrste utstillinga på Nasjonalbiblioteket som verkeleg tek fatt i alt det spanande som finst i Arkivverket sine samlingar, og syner det for ålmenta. Dette er noko me kjem til å gjera meir av, særleg når det nærmar seg lagabøtejubileum i 2024 og mellomalderutstillingar.

Å stilla ut og syna fram kjelder frå historia fortel ei historie i seg sjølv, men det er òg med og aukar interessa for historia. Og det gjev folk ein idé om kva som finst i magasinane og arkiva våre, slik at dei sjølve kan byrja å finna fram i kjeldene. Det er difor me driv med formidling, og det er difor me i 2021 brukte mykje krefter på å låna heim kjelder til mellomalderhistoria frå Danmark. Det er i det store og heile ein del av den same satsinga som digitalisering av museums- og arkivmateriale dreier seg om. Det handlar om å gje folk tilgang til si eiga historie.

I nok eit år prega av korona er det dette eg vil trekka fram denne gongen. Me har også fått gjort mykje anna, både med språkteknologi, forskning og formidling. Me har tatt imot viktige samlingar og gjort store gjennombrøt i arbeidet med digital pliktavlevering. For

brukarane våre og for ettertida trur eg likevel det aller viktigaste Nasjonalbiblioteket har gjort i 2021, er å gje folk i Noreg endå fleire kjelder til si eiga historie. Og me har kome langt i eit arbeid på tvers av institusjonsskilje, eit arbeid som aller mest tener dei som skal bruka kjeldene. Dei som ser etter heile historia.

Oslo, 15.03.2022

Aslak Sira Myhre

DIREKTØR, NASJONALBIBLIOTEKET



DEL II

INTRODUKSJON TIL VERKSEMD ^{OG} HOVUDTAL

NASJONALBIBLIOTEKET — VÅRT FELLES MINNE

Mandatet til Nasjonalbiblioteket er forankra i lov om pliktavlevering. Nasjonalbiblioteket leverer infrastruktur og tenester for norske bibliotek på område som bibliografiske standarder og nasjonalbibliografiar. Det er depotbibliotek for heile landet og tilbyr digitale innhaldstenester og eit felles biblioteksøk i og for alle norske bibliotek. I tillegg leverer Nasjonalbiblioteket infrastruktur for norsk forskning og er sjølv forskingsinstitusjon. Nasjonalbiblioteket er òg leverandør av ein norsk språkbank til bruk i forskning og næringsverksemd, og sidan 2019 har Nasjonalbiblioteket hatt i oppdrag å digitalisere all dokumentbasert kulturarv frå norske bibliotek og museum.

”

Nasjonalbiblioteket skal ta vare på kulturhistoria, minne oss på henne og gi oss sterkare tilknytning til henne. Tilknytning til historia skaper identitet, og kunnskap om historia bidreg til forståing. All verksemd på Nasjonalbiblioteket er knytt til denne kjernen.


*Nasjonalbibliotekets strategi
2018–2022*

NASJONALBIBLIOTEKETS SAMFUNNSBIDRAG

Innsatsfaktorar og rammevilkår	Aktivitetar	Produkt og tenester	Brukareffektar	Samfunns effektar
<ul style="list-style-type: none"> • 696,5 millionar kroner • pliktavleveringslova • biblioteklova • åndsverklova 	<ul style="list-style-type: none"> • mottak av pliktavlevert og anna materiale • kunnskapsorganisering • digitalisering • bevaring • tilgjengeleggjering av materialet • formidling • forskning og utvikling (FoU) • avklaring av rettar • tenesteutvikling • kunnskapsutvikling • tilskotsforvaltning 	<ul style="list-style-type: none"> • nettbaserte bibliotektenester for alle medium • norsk digital språkbank • nasjonal-multigrafier • metadata og andre attfinnings-verktøy • depotbibliotek • infrastruktur for forskning • referanse-tenester, rådgiving og kompetansedeling • sikker langtidsbevaring av norsk kulturarv • digital infrastruktur for norske bibliotek • forskning • digitalisering for norske ABM-institusjonar 	<ul style="list-style-type: none"> • gir alle enkel tilgang til kulturarven • lèt forskarar, studentar og andre fagfolk finne og bruke kunnskaps-, språk- og kulturhistoria • gir sterkare tilknytning til historia • gir betre bibliotektenester for heile befolkninga 	<ul style="list-style-type: none"> • skaper identitet og tilknytning • bidreg til kunnskap, interesse og medvit om norsk kultur-, kunnskaps- og språkav • styrkjer norsk offentlegheit og utviklar fellesarenaer for debatt • gir alle enkel tilgang til norsk publiseringshistorie og kulturarv

166 728


Antall utlånte publikasjoner
fra Depotbiblioteket



78 852

Antall publikasjoner hentet fra
den flerspråklige samlingen

ORGANISASJON



ØKONOMI OG RESSURSBUK

Nasjonalbiblioteket er eit bruttofinansiert forvaltningsorgan under Kulturdepartementet.

Budsjettramma til Nasjonalbiblioteket til ordinær drift var på 643,5 millionar kroner i 2021.

NØKKELTAL FRÅ ÅRSREKNESKAPEN	2019	2020	2021
Årsverk	424,2	460,8	482,3
Tildeling post 01–99. Tala er eksklusive overføringar frå året før, post 80 og inntekter	592,1	688,2	767,3
Utnyttingsgrad post 01–29	98 %	95 %	90 %
Lønnsdel	51,4 %	51,6 %	53,1 %
Lønnsutgifter per årsverk	699 559	719 597	736 313
Tildeling post 80	52,0	52,4	82,4



DEL III

AKTIVITETAR OG RESULTAT I 2021

Etter eit kriseår som 2020 har hovudoppgåva for Nasjonalbiblioteket i 2021 vore å finne ut kva ein skal ta med seg vidare frå unntakstilstanden, samtidig som verksemda har gått for full maskin gjennom månad etter månad med ulike grader av nedstenging i samfunnet. Nye publikumsgrupper oppdaga Nasjonalbiblioteket heimanfrå då det digitale tilbodet blei utvida under pandemien. Eit viktig mål for 2021 har vore å få med desse vidare og halde fram med å gi dei eit stadig betre tilbod.

Trass i pandemien har Nasjonalbiblioteket sett rammane for og begynt arbeidet med å digitalisere heile Noregs kulturarv. Etableringa av Senter for kulturarvdigitalisering i 2020 har ført til at materiale frå arkiv, bibliotek og museum landet over er sendt til Rana for å digitaliserast i løpet av 2021, og allereie har fleire institusjonar motteke digitale filer av materiale dei har fått digitalisert.

FORMIDLING

Tilbake til kvardagen med digital kulturformidling

Veksten i bruken av formidlingstilboda på digitale flater i 2020 var noko heilt spesielt. Pandemiåret sprengde alle rekordar, både i talet på besøk i Nettbiblioteket og i talet på brukarar av andre digitale formidlingstilbod. I 2021 har vi sett at mange av dei nye publikummarane som oppdaga Nasjonalbiblioteket heimanfrå i 2020, har blitt med vidare. Bruken av Nettbiblioteket i 2021 har halde seg nokså stabil frå 2020, med ein oppgang på 35,8 prosent frå førre normalår i 2019. Det same gjeld digitale besøk i utstillingar og på arrangement, som har auka frå 19 813 i 2019 til 65 060 i 2021.

I 2021 bestemte Nasjonalbiblioteket seg for å gå vidare med det som tidlegare har vore eit prøveprosjekt, nemlig satsinga på digital kulturformidling gjennom podkast, video, tekst og sosiale medium. Med meir enn 280 000 sidevisingar på formidlingsportalen Historier fra samlingen, til forskjell frå 112 000 sidevisingar i 2020, som var det første målbare året av prosjektet, er konklusjonen at den digitale kulturformidlinga når eit stadig større og breiare publikum over heile Noreg.

Skulebesøk

Etter at store delar av programmet for skulebesøk i 2020 måtte avlyst, blei byrjinga av 2021 ein elddåp for det nye programmet retta mot skuleungdom. Det begynte med eit heildigitalt program, som sidan blei vidareført og utvida til eit fysisk program som ein òg kunne sjå digitalt. Foredraga har teke utgangspunkt i dei to utstillingane *Opplyst. Glimt fra en kulturhistorie og Kartsenteret. Fra det fjerne*.

Skuletilbodet har nådd ut til meir enn 30 prosent av dei vidaregåande skulane i landet, frå alle fylke og cirka ein fjerdedel av kommunane. I september 2021 opna også huset på Solli plass for skuleklassar. 1161 elevar frå vidaregåande skular i Oslo og Viken har vore på besøk på Solli plass hausten 2021. Til saman 14 668 elevar har fått med seg skuleformidlinga fysisk eller digitalt i løpet av 2021.

↓ Nasjonalbibliotekets historiske valomat, laga i samanheng med stortingsvalet i 2021, blei svært populær, med meir enn 60 000 innsende svar.

Hvilket parti ville du ha stemt på for (omtrent) 100 år siden?

Det får du vite ved å ta stilling til en rekke påstander om norske politiske saker som var viktig i perioden 1890-1925.

Resultatet er anonymt og vil slettes senest en uke etter at du har tatt valgmaten.

Jeg vil lese litt om partienes historie først

Start bykk Enter

0 for 2 minutter





”

**Da har 3ste ved Lillestrøm
vgs. sett foredraget. Dette var
imponerende, og veldig godt
tilpasset vg3 norsk både i forhold
til format, innhold og formidling!**

*Maria Essholt Selvik,
lærer ved Lillestrøm VGS*

Gjenopna utstillingar

Nasjonalbibliotekets nye faste utstilling *Opplyst. Glimt fra en kulturhistorie* fekk berre nokre veker med publikum før ho måtte stengje i mars 2020. I 2021 blei ho endeleg gjenopna, saman med Kartsenteret. I tillegg har Nasjonalbiblioteket opna to utstillingar i 2021: *Ja er det korteste ordet i verden* og *Nansenpasset*.

↑ Frå eit foredrag med Vigdis Hjorth og 150 elevar.
Foto: Gorm K. Gaare.

UNIVERSELL UTFORMING OG TILGJENGELGHEIT

Alle i Noreg har krav på å ha same tilgang til innhaldet i Nettbiblioteket. Men dei tekstbaserte medietypene i Nettbiblioteket, som til dømes aviser og bøker, er skanna og biletbaserte og dermed ikkje moglege å formidle til personar med synshemming gjennom tekst-til-tale-verktøy. Det har derfor vore viktig for Nasjonalbiblioteket å utvikle ei digital vising av all tekst i Nettbiblioteket. I 2021 resulterte arbeidet i ein ny funksjon for å vise digital tekst i Nettbiblioteket. Brukaren kan klikke på eit symbol inne i visinga av til dømes ei avis eller ei bok og få opp eit tekstdokument som kan lesast høgt av tekst-til-tale-verktøyet på PC-en. Funksjonen kan brukast på alle tekstar som opphavsrettsleg har falle i det fri. Nasjonalbiblioteket samarbeider med Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek om å finne gode måtar å tilby denne tekstvisinga på for alt innhald til personar med synshemming.

NORSK ORKESTERMUSIKK UNDER KORONAEN

Gjennom NB noter, ei publiseringsteneste for norsk samtidsmusikk, driv Nasjonalbiblioteket sal og utleige av notar til norsk musikk som ikkje blir gitt ut på forlag. Gjennom tenesta har Nasjonalbiblioteket bidrege til at norske orkester har kunna tenkje nytt om musikkformidling. Notane til verket *Noces* Norvegiennes av den norske komponisten Hanna Marie Hansen (1875–1954) blei til dømes brukt i ein digital konsert av Oslo-filharmonien i 2020, og i 2021 brukte Ensemble Ernst notar frå verk av Jon Øivind Ness og Jonas Skaarud i ei digital framføring. Det blei bestilt 36 verk og gjennomført 51 framføringar frå NB noter i 2021.

Hofmo-jubileum

I 2021 ville Gunvor Hofmo ha fylt 100 år. Som ein av sin generasjons fremste forfattarar har Hofmo ein særeigen posisjon i norsk litteraturhistorie. Nasjonalbiblioteket markerte jubileet med utstillinga *Ja er det korteste ordet i verden*, som belyste ulike sider ved forfatterskapen til Hofmo.

Utstillinga blei opna 26. august. Etter opninga følgde eit omfattande formidlingsprogram som varte ut året, med mellom anna foredrag, samtalar, digital omvising i utstillinga og ein videoserie med diktopplesing. Dokumentarfilmen *Ingen hverdag mer* av Elsa Kvamme om Gunvor Hofmo og Ruth Maier hadde premiere på Nasjonalbiblioteket 21. oktober 2021.

I byrjinga av september 2021 gav Nasjonalbiblioteket ut boka *Verden og buksene. Et Gunvor Hofmo-fragment* av Kaja Schjerven Mollerin. Her skriv Mollerin om Hofmo, psykiatrien og kjærleiken.

- ↓ Boka *Verden og buksene*, skriven av Kaja Schjerven Mollerin, blei utgitt i samband med Hofmo-utstillinga. Boka handlar om Gunvor Hofmo, psykiatrien og kjærleiken.



↑ Frå Hofmo-utstillinga. Foto: Gorm K. Gaare.

Nansenpass på utstilling i Arkivverket-samarbeid

I 1921 starta arbeidet med det som noko tid seinare skulle bli kjent som Nansenpasset – det første internasjonale identitetskortet for flyktningar. Som ei markering av 100-årsjubileet for Nansenpasset opna Nasjonalbiblioteket ei utstilling i september 2021. Utstillinga inneheld originale Nansenpass og andre dokument som fortel historia om etableringa av den viktige internasjonale avtalen for vern av flyktningar. Materialet i utstillinga er henta frå Arkivverket og Nasjonalbiblioteket sine samlingar og gir innblikk i ei viktig historisk hending. Dette er første gongen ei utstilling på Nasjonalbiblioteket i så stor grad baserer seg på materiale frå Arkivverket si samling.

Filmklassikarar på DVD og Blu-ray

Nasjonalbiblioteket er i gang med eit langsiktig prosjekt om å gjere den norske filmarven tilgjengeleg på DVD og Blu-ray. I 2021 gav Nasjonalbiblioteket ut seks filmar og samleboksar, nokre av dei i samarbeid med SF Studios og nokre sjølvstendige utgivingar. Mellom anna kom samleboksen *Stumme filmspor*, ei utgiving som samlar all norsk spelefilm frå 1910-åra som er bevart. Til alle filmutgivingane følgjer eit hefte med nyskrivne tekstar og dessutan bilete henta frå arkivet.



LAGAPODDEN

I 2021 oppgraderte Nasjonalbiblioteket podcast-parken med det nyaste tilskotet, podcast nummer tre, som har fått namnet Lagapodden. Rettshistorikar Jørn Øyrehagen Sunde ved Nasjonalbiblioteket er programleiar. Saman med eit utval gjester undersøker Sunde ulike aspekt ved landslova og kva ho kan fortelje om høgmedalderens Noreg. Til saman 19 episodar fordelt på to sesongar blei produserte og sende i 2021. Episodane er blitt avspelte nærmare 26 000 gonger.

← Rettshistorikar Jørn Øyrehagen Sunde i podcaststudio under innspelinga av Lagapodden. Foto: Gorm K. Gaare.



LANGTIDSLÅN AV VIKTIGE MELLOMALDERDOKUMENT

Gjennom mange år har Nasjonalbiblioteket arbeidd for å få sentrale mellomalderdokument frå Danmark til Noreg. Tidlegare har Nasjonalbiblioteket fått låne Codex Hardenbergianus, eit praktmanuskript av Magnus Lagabøtes landslov, frå Det Kongelige Bibliotek i København. I 2021 blei lånet forlengt og avtalen utvida til også å gjelde fire nye dokument som viser kultur og tradisjon i Noreg i mellomalderen: Psalteret til prinsesse Kristina Håkonsdotter, eit musikkmanuskript frå Nidaros, eit manuskript av den eldre Gulatingslova og eit manuskript som inneheld ei nesten fullstendig samling av norsk rett i høgmedalderen. Manuskriptane er allereie gjenstand for norsk mellomalderforsking, mellom anna i forskinga på Magnus Lagabøte og lov og rett i mellomalderen. Forskingspotensialet når dei no kjem til Noreg, er enormt – det same er formidlingspotensialet, no som heile Noreg vil få glede av manuskriptane.

← Codex Hardenbergianus er utstilt i *Oppløst – glimt fra en kulturhistorie*. Foto: Linda Bournane Engelberth.

Norske albumklassikarar

Eit nokså nytt konsept i musikkverda har funne vegen til Nasjonalbiblioteket: reutgivingar baserte på folkefinansiering. «Norske albumklassikere» er eit samarbeid mellom Nasjonalbiblioteket og Falck Forlag AS som tek sikte på å gi ut digitalisert musikk frå samlinga på CD og vinyl. Med meir enn 200 utgivingar i 2021 blei «Norske albumklassikere» Noregs største plateserie målt i antal utgivingar. Med folkefinansieringa og forretningsmodellen som blir brukt, får artistane og plateselskapa meir pengar igjen for salet enn tilfellet er ved strøyming.

↓ Christer Falck, eigar av Falck Forlag AS, på besøk hos lyditaliseringsavdelinga på Nasjonalbiblioteket. Foto: Gorm K. Gaare.



FORSKING

I 2021 har Nasjonalbiblioteket delteke i og samarbeidd om fleire forskingsprosjekt enn nokon gong. Det er både nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt, fleire av dei er tverrfaglege, og til saman dekkjer prosjekta eit breitt spekter av ulike forskingsfelt. Det er medietypespesifikke prosjekt som *Skillingsvisene 1550–1950. Den forsømte kulturarven*, det første av sitt slag som tek for seg betydninga av skillingsvisene i kulturarven. Det er kunstig intelligens-prosjekt som MIRAGE, som handlar om å lære datamaskiner å lytte til, forstå og analysere musikk. Og det er forskingsprosjekt som skal gjere anna forskning enklare ved å bidra med infrastruktur – som til dømes Digital corpus and dictionary of Norwegian Medieval Latin, eit prosjekt som byggjer opp ein database og ei ordbok av skandinavisk mellomalderlatin som skal vere ein ressurs i mellomalderforskninga.

Nasjonalbiblioteket skal òg koordinere forskning og infrastruktur, som til dømes i forskinga på lovarbeidet til Magnus Lagabøte fram mot jubileet for Magnus Lagabøtes landslov i 2024. Fram mot jubileet skal både Nasjonalbiblioteket og andre institusjonar drive utstrekt forskning på lovfragmenta som er bevarte frå mellomalderen. Fragmenta av til dømes landslova er mange og varierte, og det finst ikkje éi heilskapleg utgåve for dei som vil forske på

LANDSLAGET FOR LOKALHISTORIE 100 ÅR

Landslaget for lokalhistorie, ein paraplyorganisasjon for Noregs lokalhistorielag, er ein viktig samarbeidspartnar for Nasjonalbiblioteket og skulle, som rimeleg var, feirast då han i 2020 fylte 100 år. Det sette koronapandemien ein stoppar for. Det var derfor viktig for Nasjonalbiblioteket å markere jubileet, som har vore planlagt i fleire år, i 2021. På Nasjonalbiblioteket blei det feira med eit fagseminar som samla lokalhistorikarar frå heile landet, frå Alta i nord til Vest-Agder i sør.

NORSK-TAMILSK LOKALHISTORIE

I norsk offentleg debatt har den norsk-tamilske historia ofte vore framstilt som ei suksessoppskrift på korleis integrering skal gjerast. Prosjektet «Et mangfold av historier – norsk-tamilenes historie», som blei gjennomført av Norsk lokalhistorisk institutt i 2021, inviterte tamilar til å skrive og formidle si eiga norske historie på nettstaden Lokalhistoriewiki. Målet var å utfordre og supplere det gjeldande biletet av norsk-tamilsk historie. Våren 2021 fekk Tamilsk Ressurs- og Veiledningssenter støtte frå Kulturrådet til prosjektet. I løpet av sommaren 2021 bidrog åtte ungdommar med nærmare 30 artiklar på Lokalhistoriewiki.no.

henne. Dei er òg skrivne på norrønt, ofte i eit forkorta, kodifisert språk som er lite tilgjengeleg for dei fleste. Ei av dei viktigaste oppgåvene knytt til forskinga er derfor å gjere kjeldene tilgjengelege. Det bidreg Nasjonalbiblioteket til ved å fungere som koordinator, slik at mellom anna filologar, språkforskarar og retthistorikarar saman kan gjere kjeldene tilgjengelege for andre forskarar.

Kulinarisk arv og framtid i FoodLessons

Det er ekstra spennande med forskingsprosjekt der samarbeidspartnarane kjem inn med andre perspektiv og anna erfaring enn ein sit med sjølv – slik som i FoodLessons, eit breitt tverrfagleg forskingssamarbeid med mellom andre Kokkelandslaget og Bocuse d'Or som samarbeidspartnarar. Prosjektet tek for seg norsk matkultur gjennom historia og nyttar kunnskapen til å sjå inn i Noregs kulinariske framtid. Nasjonalbiblioteket bidreg med kjelder og kjeldearbeid for forskinga, men òg med viktig infrastruktur som blir mogleggjord gjennom digital humaniora. Med digitaliseringa av heile Noregs kulturarv har Nasjonalbiblioteket bygd opp verdas nest største tekstkorpus – berre Google sitt er større. Korpuset kan brukast til å undersøkje ulike aspekt ved norsk offentlegheit, og dette blir brukt aktivt i FoodLessons.

↓ Nasjonalbiblioteket var vertskap for prosjektets kick-off i august 2021. Foto: Kjersti Lassen, SIFO, OsloMet.



EI HEILSKAPLEG LISTE OVER ALLE FORSKINGSPROSJEKT SOM NASJONALBIBLIOTEKET DELTOK I I 2021:

1. FoodLessons – Culinary Heritage as a Resource in Developing “Food Nation Norway 2030”
2. QUEERDOM: Ordinary lives and marginal intimacies in rural regions. Contrasting cultural histories of queer domesticities in Norway, ca. 1842–1972
3. ImagiNation. Mapping the Imagined Geographies of Norwegian Literature from 1814 to 1905
4. SCRIBE: Machine transcription of Norwegian conversational speech
5. HUGIN-MUNIN: Enhanced Access to Norwegian Cultural Heritage using AI-driven Handwriting Recognition
6. MaMo: Maritime Modernities: Formats of Oceanic Knowledge, 1600–2000
7. The Afterlives of Natural History
8. Mirage: A Comprehensive AI-Based System for Advanced Music Analysis
9. Lagabøte II
10. MIDLAT. Digital corpus and dictionary of Norwegian Medieval Latin
11. PRINCIPLE: Providing Resources in Irish, Norwegian, Croatian and Icelandic for Purposes of Language Engineering
12. CLARINO+
13. Historisk befolkningsregister 1800–2024
14. Norsk fotohistorie 9. april 1940 til 22. juli 2011
15. Skillingsvisene 1550–1950. Den forsømte kulturarven

EUROPEISK FORSKING OG INFRASTRUKTUR

Nasjonalbiblioteket deltek i alle dei europeiske infrastrukturane for forskning. Eit viktig døme er det europeiske samarbeidet READ-COOP, som sidan 2019 har hatt ansvaret for og vidareutvikla tenesta Transkribus, ein plattform for tekstattkjenning. Plattformen hadde i 2021 meir enn 50 000 registrerte brukarar. Plattformen er eit døme på at forskning og fagutvikling kan takast inn i formidlinga og komme allmenta til gode. Det er eitt av to handskriftsattkjenningsprogram som Nasjonalbiblioteket er ein del av og bidreg med fagpersonar til – det andre er Hugin og Munin.

TEKNOLOGIUTVIKLING

På Nasjonalbiblioteket blir det utvikla ny teknologi som både gjer drifta internt meir effektiv, og som blir brukt til å utvikle nye verktøy som andre òg kan dra nytte av. Særleg innanfor språkmodellfeltet har Nasjonalbiblioteket lansert fleire nye verktøy i 2021.

Språkteknologisk utvikling

MÅLFRID

Med heimel i mållova har sentrale statsorgan og departement kvart år avlevert ein rapport om målbruk til Språkrådet. Tidlegare har denne rapporteringa vore gjord manuelt. Formålet med prosjektet MÅLFRID, som blei starta av Nasjonalbiblioteket i samarbeid med Språkrådet i 2018, er å effektivisere innrapporteringa av målbruk i offentleg sektor. Nasjonalbiblioteket haustar inn og prosesserer alt av tekst som finst på nettsidene til statlege verksemdar, for å berekne kva slags målform som er brukt på dei ulike delane av nettsida. I 2021 blei berekninga gjord for første gong, og tala for 2020 blei sende over til Språkrådet. Ein sekundærgjavnst av dette arbeidet er at Nasjonalbiblioteket sit igjen med eit enormt tekstkorpus. Meir enn 4 milliardar ord er til no registrerte i MÅLFRID, og alt ligg fritt tilgjengeleg. Korpuset blir brukt i utviklinga av språkteknologi på norsk, mellom anna hos Nasjonalbiblioteket.

Trening av språkmodellar

I dag bruker ein maskinlæring for å lære datamaskiner å forstå språk. Slike språkmodellar er viktige i mange tilfelle, som til dømes i programvare i mobiltelefonar, i søkjetenester og der menneske kommuniserer med IT-tenester. Med teknologien vi har i dag, treng vi svært store mengder tekst som desse modellane kan trenast på. NBs digitale samling kombinert med ulike opne datakjelder på internett er blant dei største for noko språk og derfor eit svært godt utgangspunkt for å trene språkmodellar. I 2021

tok Nasjonalbiblioteket steget fram til ferdig trente store språkmodellar som alle kan bruke fritt.

NB-BERT

I dei siste åra har mange av framstega innanfor språkteknologi vore bygde på det vi kallar transformermodellar. Desse modellane har vist seg å kunne lære seg språk mykje betre enn tidlegare teknologiar. Nasjonalbiblioteket sin AI-lab har i 2021 laga ein første versjon av ein slik modell for norsk (både bokmål og nynorsk), kalla NB-BERT. Testing har vist at NB-BERT ikkje berre er betre enn andre norske modellar, men òg betre enn danske modellar for dansk og engelske modellar for engelsk. NB-BERT utgjør dessutan kjernen i eksperimentelle tenester som blir nytta av til dømes forskarar for å analysere tekst. I tillegg til NB-BERT er det bygd ei rekkje andre eksperimentelle modellar som òg kan brukast av alle.

- ↓ Ein artikkel frå den danske teknologi- og forskningssida DataTech i november 2021 handla om dei norske språkmodellane som blir utvikla ved Nasjonalbibliotekets AI-lab.

Nasjonalbiblioteket i Norge har utviklet en norsk sprogmodel, der er bedre til dansk, end de danske modeller er



Nasjonalbiblioteket i Oslo Illustration: Gorm K. Gaare, Nasjonalbiblioteket.

En sprogmodel baseret på data fra de sidste 150 år, har andre egenskaber end en model bygget på data fra sociale medier, mener norsk NLP-forsker.


Oppdagingsferd i samlinga gjennom MAKEN

I 2021 blei MAKEN lansert – ei teneste basert på kunstig intelligens som gir brukaren ein heilt ny inngang til samlinga på nett. Basert på eit valt objekt finn MAKEN andre objekt som liknar det første.

Teknologien som ligg bak MAKEN, har vore brukt på bilete før, men det er ingen kjende forsøk på å bruke den same teknologien for tekst, slik MAKEN gjer. Tenesta reknar ut avstanden mellom matematiske representasjonar av innhald i eit mangedimensjonalt rom. Basert på avstanden finn tenesta ut av kva for andre romanar som likner den du har valt. Søkjer du til dømes på *Sult* av Knut Hamsun, foreslår MAKEN mellom anna *Midnattsbarn* av Salman Rushdie og *Åndenes hus* av Isabel Allende.

→ Slik ser resultatsida til MAKEN ut, med utgangspunkt i søkjeordet «Sult».)

MAKEN fekk mykje merksemd i AI-miljøet i ABM-sektoren internasjonalt – ikkje fordi teknologien er revolusjonerande i seg sjølv, men fordi tenesta er unik i korleis ho er utforma med publikum i tankane. Kva nytte kan kunstig intelligens ha for brukarane, og kven skal tenesta rette seg mot? Det er spørsmål ein sjeldan har hatt gode svar på når det gjeld AI-tenester i sektoren tidlegare.



TALEATTKJENNING PÅ NORSK

For å lage god kommunikasjon mellom menneske og maskin er system baserte på tale viktige. Slike taleattkjenningssystem finst allereie, men dei kan bli mykje betre. For at dei skal bli det, er teknologien avhengig av store mengder data frå transkriberte lydopptak. Dette har Språkbanken ved Nasjonalbiblioteket skaffa seg. Språkbanken har transkribert 140 timar med lydopptak frå stortingsmøte, med spontan tale, fleire ulike dialektar og om eit breitt spekter av tema med tilhøyrande vokabular. Datasettet blir delt med ope lisens, slik at bedrifter kan bruke det til å trene taleattkjenningssystem. Dette vil vere svært viktig for utviklinga på området og vil resultere i ei betydeleg oppgradering av tilboda til mellom anna folk med nedsett høyrsel.

MILJØFYRTÅRN

Nasjonalbiblioteket blei sertifisert som miljøfyrtårn i 2016, og no resertifisert i 2021. Det inneber eit systematisk arbeid med miljøtiltak i kvardagen, med mellom anna ein gjennomgang av rutinar, miljøkrav til eksterne leverandørar, energioptimeringstiltak i bygga og oppgraderte løysingar for digitale møte for å kutte ned på reiseverksemda.

SAMLINGSUTVIKLING

For eit digitalt nasjonalbibliotek er det naturleg at også materialinnsamlinga blir stadig meir digital. Det gjeld for medietypane som skal bevarast og formidlast, slik som til dømes nettsider som no blir hausta av Nasjonalbiblioteket. Det gjeld òg for grunnpilaren i verksemda til Nasjonalbiblioteket, nemleg pliktavleveringa. Etter lov om avleveringsplikt skal alle allment tilgjengelege dokument pliktavleverast til Nasjonalbiblioteket. Alle-reie i pliktavleveringslova av 1989 blei det fastsett at også edb-dokument skulle avleverast. I lova av 2015 blei føresegna utvida. For alle dokument som blir pliktavleverte, seier lova no at digitale grunnlagsdokument skal avleverast i tillegg til utgivingsmediet.

I 2021 blei det digitalt avlevert 131 340 timar med radio-materiale og 108 060 timar med TV-sendingar. 5108 e-bøker blei også avleverte digitalt og dessutan 30 141 aviser, noko som svarar til 1 073 888 avissider.

Digital pliktavlevering av trykkgrunnlag

Når Nasjonalbiblioteket tek imot digitale trykkjefiler av til dømes aviser og tidsskrift, treng ein ikkje lenger digitalisere dei fysiske eksemplara av materialet. Frå 2021 gjeld dette òg for forlagslitteratur som blir registrert i Den norske Bokdatabasen. Bokbasen tek imot om lag 5000 trykkjefiler frå forlaga kvart år og leverer dei vidare til Nasjonalbiblioteket. I tillegg kan forlag som ikkje registrerer bøker i Bokbasen, sende trykkjefiler via Altinn.

TILSKOT FRÅ PRIVATE SAMLINGAR

Arkivet til Jon Fosse

Nasjonalbiblioteket tek imot mykje privat arkivmateriale kvart år, men det er ikkje kvar dag det kjem inn arkiv frå vår tids største litterære namn. Det var derfor med stor

glede Nasjonalbiblioteket overtok ansvaret for arkivet til Jon Fosse i 2021. Det private arkivet inneheld mellom anna dei første utklippsbøkene frå Fosses tid som student i Bergen i slutten av 1970-åra, omsetjingar av stykka hans på mange forskjellige språk, brev frå heile karrieren og plakatar frå oppsetjingar av teaterstykke over heile verda. Det gir ein unik sjanse til å bevare og formidle dei heilt spesielle verka som har treft ein nerve i tida med si stillfarne skildring av menneskeleg drama.


Britiske krigskart

9. april 2021, 81 år etter at nazistane marsjerte inn i Noreg, blei ein ny type kart tilgjengeleg i Nettbiblioteket: kart som britane brukte til å planleggje militære operasjonar med i Noreg under andre verdskrigen. Samlinga kjem frå eit militærmuseum i New York og har ikkje eksistert i noko norsk arkiv før no. Saman med dei tyske krigskarta i samlinga til Nasjonalbiblioteket gir kartserien eit unikt innblikk i kva for geografiske opplysningar dei to krigsmaktene var interesserte i og hadde bruk for under krigen, og korleis Noreg såg ut på den tida.

TONO-arkivet

Heilt sidan rettsforvaltaren TONO blei oppretta av norske komponistar i 1928, har organisasjonen spelt ei avgjerande rolle for livsgrunnlaget til store delar av musikkbransjen. I 2021 blei det klart at TONO skal avlevere heile arkivet sitt, nesten 100 år med norsk musikkhistorie, til Nasjonalbiblioteket. Arkivet inneheld mellom anna store mengder korrespondanse mellom musikkaktørar og dokumenterer verksemda til så å seie alle som har komponert musikk sidan 1928, så vel som til tekstforfattarar og forleggjarar.

→ Eit av dei britiske krigskarta frå samlinga. Kartet viser Grimstad i 1944, teikna frå lufta.



NASJONAL BIBLIOTEKSTRATEGI

På grunn av koronapandemien er Nasjonal bibliotekstrategi 2020–2023 utvida til også å gjelde 2024. I 2020 gjekk alle midlar til krisetiltak i biblioteka, og det var derfor ikkje før i 2021 at ein fekk begynt på bibliotekstrategien slik han var tenkt. Det viktigaste grepet i strategien går ut på å leggje til rette for aktiv formidling i biblioteka. Nokre av midlane har gått til kompetanseheving i biblioteka, men det meste har gått til formidlingsprosjekt der bibliotekarane reiser ut i lokalsamfunnet for å formidle. Ordninga fungerer på den måten at biblioteka kan søkje om eit beløp på opptil 75 000 kroner til lønning av vikar. Med ein slik ordning kan bibliotekaren komme seg ut av biblioteket og drive oppsøkjande formidling.

”

Prosjektet ga oss ei moglegheit til å skape kontakt med ein gruppe som ikkje vanlegvis oppsøker biblioteket. Og ungdommane kjem tilbake, det ser vi i ettertid – no er faktisk fleire av diktsamlingane lånte ut.

Signe Idsøe Røed, barne- og ungdomsbibliotekar ved Lillesand folkebibliotek

Lillesand bibliotek var blant søkjarane som fekk støtte til aktiv formidling i 2021. Prosjektet blei kalla Bøllefrø og bestod av tre delar: Ein bibliotekar oppsøkte først klassar på 9. trinn og formidla samtidslyrikk frå i alt tolv lyrikarar som blei gitt ut i 2020. Elevane fekk òg møte ein samtidslyrikar, Atle Håland, før dei til slutt sjølve skulle skrive dikt som blei formidla av biblioteket.

Bibliotekutvikling.no

Nettsida bibliotekutvikling.no har i 2021 vore ein viktig ressurs for alle bibliotek som søker støtte til aktiv formidling. Der kan ein sende inn søknad og finne kompetanseprogram knytte til aktiv formidling. Nettsida blei i 2021 utvikla til ein viktig ressurs for heile sektoren – ho fungerer som ein portal for innlevering av søknader og statistikk, ein prosjektbank, ein statistikkbank og ein læringsportal. På e-læringsplattforma til nettstaden, som blei utvikla i samarbeid med fylkesbiblioteka og lansert i 2021, kan fylkesbiblioteka og andre relevante aktørar lage e-læringskurs for bibliotektilsette i norske bibliotek.



↑ Bilete frå podkaststudio på Levanger bibliotek. Med støtte frå tippemidlar lagar biblioteket podkasten Les litt, ein formidlingspodkast om musikk, litteratur og film som blir send kvar veke. Prosjektleiar Ylva Åmos Haugen fortel at podkasten har vore ein viktig formidlingskanal under pandemien, og at dei får gode tilbakemeldingar: «Mange føler nok at dei er blitt betre kjende med bibliotekarane etter at vi starta podkasten.»

DIGITALISERING

Kulturarvdigitalisering

Nasjonalbiblioteket er i kontakt med om lag 100 store og små institusjonar landet over. I 2021 blir det digitalisert alt frå norsk folkemusikk frå Norsk senter for folkemusikk og folkedans, via samisk kunstarv frå Stiftelsen Lásságámme, til TV-opptak frå TV Romsdal. Materialet kjem frå heile landet, blant anna frå Troms og Finnmark fylkesbibliotek, frå Ryfylkemuseet i vest og frå Svalbard, der fotoarkivet etter Svalbardposten blei sendt til Mo i Rana med båt sommaren 2021.

Digitaliseringa av materialet frå mange hundre forskjellige institusjonar er eit stort arbeid som vil ta fleire tiår. Derfor er det viktig å utvikle produksjonslinjer for ulike medietypar. I 2021 blei produksjonslinja for lyd ferdig, og arbeidet med å digitalisere lydmaterialer tok til. Mellom anna har Nasjonalbiblioteket digitalisert lydmaterialer frå samarbeidspartnaren Mjøsmuseet, som i 2021 leverte meir enn 2000 lydeiningar til Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana.

↓ Frå opninga av Svalbard museum.
Biletet er frå arkivet etter Svalbardposten.



”

Det finnes visstnok ikke en gratis lunsj, men dette er vel det nærmeste man kommer. Kjempefornøyd!

*Ole Anders Lundgaard Evensen,
Mjøsmuseet*

”

For oss er dette en strålende anledning til å håndtere materiale som tidligere har vært lite tilgjengelig for oss.

*Tor Arne Johansen,
Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek*

”

Vi har mottatt digitale filer fra den første forsendelsen allerede. Erfaringene så langt gjør at vi ser positivt på å sende mer materiale i fremtiden.

*Karl Peder Mork,
Vestland fylkesarkiv*

Samarbeid med Arkivverket

1. desember 2021 oppretta Arkivverket eit eige kontor i Nasjonalbiblioteket sine lokale i Mo i Rana og fem nye Arkivverket-tilsette begynte arbeidskvardagen sin der. Kontoret blei oppretta i samband med at ein av dei største fjellhallane i dei nye fjellmagasina i Mo i Rana, som tilhøyrrer Arkivverket, er planlagd opna i 2022. Samtidig er aktiviteten knytt til digitalisering av materialet til Arkivverket blitt tredobla. I tillegg til nye tilsetjingar har det vore teke i bruk nye maskiner og ny teknologi i digitaliseringsarbeidet, noko som har gjort digitaliseringa mykje meir effektiv enn tidlegare. Det har mellom anna ført til ei tidobling i digitaliseringa av norske hovudregisterkort, altså kort frå folke-registeret i Noreg. Heile det omfattande arkivet, med 20,6 millionar digitaliserte sider, blei ferdig digitalisert i 2021.

Landssvikarkivet

Eit av dei mest brukte arkiva oppbevart i samlinga til Arkivverket skal no digitaliserast. Landssvikarkivet er ei svært viktig kjelde til norsk krigshistorie, noko ein kan sjå på talet på førespurnader frå publikum. Om lag 40 prosent av alle brukarførespurnader til Arkivverket omhandlar Landssvikarkivet. I 2021 begynte Arkivverket og Nasjonalbiblioteket eit pilotprosjekt med 308 av dei over 90 000 sakene som skal digitaliserast. I sakene finst det forskjellige typar materiale: bilete, dokument, NS-medlemsbøker – jamvel skarpskot.

Fordi materialet har vore oppbevart under dårlege forhold, mellom anna på loftet på Victoria terrasse i Oslo, er mange av landssviksakene i dårleg forfatning. Derfor må mykje av digitaliseringsarbeidet gjerast manuelt. I 2021 blei det sett opp kamerariggar som gjer dette arbeidet



→ I 2021 har medarbeidarar i Rana utvikla eit heilautomatisk filmframtrekk for digitalisering av 135mm-film. Framtrekket består av to kamera som kommuniserer med kvarandre: eitt som analyserer filmstripa for objekt og eitt som fotografere når objektet er funne. Deretter trekkast filmstripa vidare til neste objekt. Ei filmstripe består normalt av seks objekt og tek om lag seks sekund å digitalisere med den nye løysinga. Foto: Marius Nyheim Kristoffersen.


← Ein spesialbygd kamerarigg gjer det mogleg å enkelt sjå igjennom og skanne skjørt materiale utan å ta for mykje på det. Foto: Live Vedeler Nilsen.

svært effektivt. I 2021 digitaliserte Nasjonalbiblioteket 909 mapper frå Landssvikarkivet, som utgjer totalt 269 031 sider. Etter digitaliseringa skal Landssvikarkivet oppbevarast i den nye fjellhallen til Arkivverket som er samlokalisert med Nasjonalbiblioteket i fjellanlegget i Mo i Rana.

«Landssvikarkivet har ei særeigen interesse for landets historie. Det belyser krigen, okkupasjonstida og enkelt-skjebnar. No blir dette unike kjeldematerialet enklare tilgjengeleg for både forskarar og folk flest. Det gir moglegheiter for meir forskning og ei djupare forståing av landssvikoppgjere nasjonalt. Dette er den største og mest omfattande digitaliseringa av krigskjelder Arkivverket nokosinne har gjennomført», seier riksarkivar Inga Bolstad i ei pressemelding.

↓ Nye maskiner gjer det mogleg å digitalisere store format meir effektivt enn tidlegare, som til dømes denne avisa, som er om lag fire gonger så stor som ei vanleg avis. Foto: Marius Nyheim Kristoffersen.





- ← Ein rull 16 mm-film med optisk lydspor blir inspisert over lysbordet. I løpet av ein måned digitaliserer filmavdelinga mellom 400 000 og 800 000 ruter/frames. Det svarer til mellom 4 og 14 timar film, avhengig av biletfrekvensen.

Foto: Marius Nyheim Kristoffersen.

- ↓ Teknikar Jørgen Bartnes klargjer og trer opp ei 1" C-maskin for digitalisering.



- ↓ Bandspelaren Otari MTR-12 blir hyppig brukt til å digitalisere analoge 1/2" og 1/4" lydband.



MASSEDIGITALISERINGSPROGRAMMET

Sidan 2006 har Nasjonalbiblioteket arbeidd kontinuerleg med å digitalisere alt som finst av materialtypar. I 2021 har veksten i digitalisert materiale fordelt seg slik:

Aviser

Ved utgangen av 2021 var om lag 69 prosent av alle aviser som nokon gong er gitt ut i Noreg, digitaliserte. Det er ei auke på 12 prosent sidan 2020, og utgjer totalt meir enn 54 millionar avissider.

Foto

Nasjonalbiblioteket har digitalisert 895 540 fotografi i 2021. Dette er ein liten nedgang frå i fjor. Det skyldast at det i 2021 blei brukt meir ressursar på å digitalisere fotografi frå negativar heller enn positive fotografi på fotopapir. Fotografi frå negativar er vanskelegare å digitalisere.

Musikk- og lydopptak

I 2021 blei det digitalisert 9 559 einingar med lyd-/ musikkopptak og 24 980 timar radioopptak frå magnetband.

Video

Det blei digitalisert 2 882 videotitlar og 320 filmtitlar i 2021.

Bøker, tidsskrift og anna trykt materiale


I 2021 blei det digitalisert 38 945 bøker og 14 561 tidsskrifthefte frå eiga samling. I tillegg er det digitalisert 9 942 332 sider arkivmateriale for Arkivverket.

Manuskript

Det blei digitalisert 42 003 sider med handskrifter og notemanuskript i 2021.

Kart

Det blei digitalisert 1052 nye kart i 2021. Totalt har Nasjonalbiblioteket digitalisert 2857 kart.



Ved utgangen av 2021 var om lag 69 prosent av alle aviser som nokon gong er gitt ut i Noreg, digitaliserte. Det er ei auke på 12 prosent sidan 2020





Før digitalisering reinsar Jacob Dobewall lydhovuda og metalldelane for skit, støv og limrestar frå tidlegare band. For tida digitaliserer han Arne Bendiksen-samlinga og materiale til Christer Faloks reutgivingsprosjekt på CD/vinyl. Foto: Marius Nyheim Kristoffersen.

SAMLING PER 31.12.2021*

MATERIAL- TYPE	DIGITALI- SERINGS- TILVEKST	DIGITAL AVLEVERING TILVEKST	DIGITAL SAMLING 2021	ANALOG TILVEKST	ANALOG SAMLING 2021	EININGS- TYPE
Aviser	611 814	30 141	3 716 872	32 590	5 713 494	Hefter
Bilete	895 540	-	3 858 707	115 000	3 391 675	Tall
Bøker	38 945	7 149	642 410	91 191	3 214 750	Tall
Håndskrifter og note- manuskript	42 003	-	916 750	Ca. 320 hyllemeter	6 720 hyllemeter	Sider
Film	3 202	3 250	26 511	8 694	413 528	Rull/ kas-sett
Kart	1 052	24	2 881	773	Ca. 150 000	Tall
Musikk/ lydopptak	9 559	10	79 556	10 515	301 417	Bånd, plater o.l.
Notetrykk	-	126	126	1 153	100 730	Tall
Plakatar	662	-	18 469	932	135 026	Tall
Postkort	-	-	-	1 462	272 018	Tall
Radio*	24 980	131 340	1 916 331	383	275 766	Timar
Småtrykk	-	-	-	28 714	2 822 304	Tall
Tidsskrift	14 561	1 206	77 215	47 463	4 551 706	Hefte
TV*		108 060	1 320 406	124	1 269 124	Timar
Nett- dokument		1 051 513 971	29 214 499 114	-	-	Tall

* Radio og TV kjem i hovudsak som digitale filer, ikkje som kassetar.

Denne tabellen omfattar alt registrert materiale, både norsk og utanlandsk. For enkelte materialtypar er det fleire analoge eksemplar. Det samla talet viser dermed ikkje kor mange unike titlar Nasjonalbiblioteket eig.

SAMLINGSVEKST I 2021

DIGITALT PLIKTAVLEVERT INNHOLD I 2021

MEDIUM	MENGDE	UTVIKLING SIDAN 2020
Radio	131 340 timar frå 15 radiokanalar	Nedgang på 0,3 %
Tv	108 060 timar med TV-sendingar frå 12 TV-kanalar	Auke på 3,1 %
Film	98 titlar	Nedgang på 62,9 %
Video	19 titlar	Nedgang på 55,8 %
Aviser	30 141 aviser (1 073 888 sider) frå 227 avistitlar	Nedgang på 2,3 %
E-bøker	5 108 e-boktitlar	Auke på 59,8 %

RESULTAT OG MÅLOPPNÅING

OVERORDNA MÅL 1. NASJONALBIBLIOTEKET SKAL SIKRE OG BEVARE PLIKTAVLEVERT MATERIALE OG ANDRE SAMLINGAR, OG ARBEIDE FOR AUKA BRUK AV OG INTERESSE FOR SAMLINGA.

DELMÅL TIL OVERORDNA MÅL 1	STYRINGSPARAMETER TIL OVERORDNA MÅL 1	AMBISJON	KOMMENTARAR
1.1 Nasjonalbiblioteket skal ta vare på og sikre den publiserte norske kunnskaps- og kulturarven for gjenbruk.	1.1.1 Nasjonalbiblioteket skal samle inn, registrere og gjere tilgjengeleg materiale som publiserast for den norske allmenta uavhengig av medietype og teknologisk plattform.		Oppnådd
	1.1.2 Nasjonalbiblioteket skal oppbevare sikringsamlinga etter metodar som er internasjonalt anerkjente når det gjeld klima og fysisk sikring.		Ikkje oppnådd 1)
	1.1.3 Nasjonalbiblioteket skal arbeide for å komplettera den historiske samlinga.		Oppnådd
1.2 Nasjonalbiblioteket skal gjennom utvikling av nettbiblioteket og aktive formidlingstiltak styrke interessa for kunnskaps- og kulturarven.	1.2.1 Nasjonalbiblioteket skal jobbe for at kjennskapen til, og bruken av nb.no aukar.	Halde besøkstalet på same nivå som i 2020	Ikkje oppnådd 2)
	1.2.2 Gjennom eit breitt publikumsretta program og utstillingar skal Nasjonalbiblioteket grunnfeste posisjonen sin som møtestad for kulturopplevingar og folkeopplysing.	Halde publikums-talet på same nivå som i 2020	Ikkje oppnådd 3)

DELMÅL TIL OVERORDNA MÅL 1	STYRINGSPARAMETER TIL OVERORDNA MÅL 1	AMBISJON	KOMMENTARAR
	1.2.3 Nasjonalbiblioteket skal formidle historier frå samlinga gjennom å produsere redigert innhald på digitale flater (podcastar og videoar).	Halde aktiviteten på same nivå som i 2020	Oppnådd
1.3 Nasjonalbiblioteket skal gjennom sin samling, sine formidlingsverktøy og sin fagkompetanse være kjelde og infrastruktur både for egen og andres forskning og utviklingsarbeid.	1.3.1 Nasjonalbiblioteket skal gjennom auka bruk av den digitale samlinga og utvikling av verktøy for å bruke denne, leggje til rette for auka bruk av samlinga som kjeldemateriale.		Oppnådd
	1.3.2 Nasjonalbiblioteket skal tilby forskartjenester som forskarplassar, referanseteneste, påsynsrom og spesialbibliografiar som forskingsmiljøa opplever som relevante og gode.		Oppnådd
	1.3.3 Nasjonalbiblioteket skal delta i og initiere forskingsprosjekt og infrastrukturprosjekt som har støtte frå Norges forskningsråd.		Oppnådd 4)
	1.3.4 Nasjonalbiblioteket skal publisere faglege og vitenskaplege artiklar og bøker med utgangspunkt i egen samling og samlingskompetanse. samling og samlingskompetanse.	15 vitenskaplege artiklar	Oppnådd 5)
	1.3.5 Nasjonalbiblioteket og Språkrådet skal samarbeide om en språksatsing som styrker bruken av bokmål, nynorsk og talemål i både offentlege og private digitale teneste tilbod.	Etablere ein årleg tiltaksplan i samarbeid med Språkrådet	Oppnådd 6)
	1.3.6 Nasjonalbiblioteket skal styrke Språkbanken med språkressursar som er viktige for utvikling av nynorsk og norske målføre.	Gjere tilgjengeleg minst fem nye ressursar i Språkbanken	Oppnådd 7)
	1.3.7 Nasjonalbiblioteket skal bidra til utvikling av det lokalhistoriske feltet.	Bruken av lokalhistoriewiki. no skal auke med 10 %.	Oppnådd 8)
	1.3.8 Nasjonalbiblioteket skal være infrastruktur for norsk kulturnæring		Oppnådd
1.4 Nasjonalbiblioteket skal løyse oppgåvene sine like effektivt som dei beste tilsvarande institusjonane internasjonalt	1.4.1 Nasjonalbiblioteket skal samanlikne seg med søsterinstitusjonar for å sikre at teknologien og metodikken som blir brukt på digitaliseringsfeltet, kan samanliknast med dei beste.		Ikkje oppnådd 9)
	1.4.2 Nasjonalbiblioteket skal følgje opp kostnadene i ulike steg i pliktmottaksløypa for å sikre at arbeidsprosessar og materialflyt kan sporast og er optimaliserte.		Oppnådd 10)
	1.4.3 Ein avtalt del av fjernlånsbestillingane mot depotbiblioteket skal være sende ut innan to døgn.	95 %	Oppnådd 11)

OVERORDNA MÅL 2. NASJONALBIBLIOTEKET SKAL MEDVERKE TIL AT BIBLIOTEKSEKTOREN STYRKAST SOM FORMIDLAR AV LITTERATUR, KUNNSKAP OG KULTURARV, OG LEGGJE TIL RETTE FOR AT FOLKEBIBLIOTEK BLIR AKTUELLE OG UAVHENGIGE MØTEPLASSAR OG ARENAER FOR OFFENTLEG SAMTALE OG DEBATT.

DELMÅL TIL OVERORDNA MÅL 2	STYRINGSPARAMETER TIL OVERORDNA MÅL 2	AMBISJON	KOMMENTARAR
2.1 Nasjonalbiblioteket skal medverke til at norske folkebibliotek utviklar seg som lokale kunnskaps- og kultursenter, og utvikle ein nasjonal infrastruktur for biblioteksektoren	2.1.1 Nasjonalbiblioteket skal i løpet av 2021 ha kome i gang med aktivitetane i den nye bibliotekstrategien for 2020-2023.	15 av 25	Oppnådd 12)
	2.1.2 Nasjonalbiblioteket skal i 2021 samanfatta erfaringane frå dagens løysning med gratis metadata for alle bibliotek og kome med anbefaling om permanente løysningar gjeldande frå 2022.	frist 1. oktober	Oppnådd 13)

OVERORDNA MÅL 3. NASJONALBIBLIOTEKET SKAL DIGITALISERA DOKUMENTBASERT KULTURARV FRÅ NORSKE ARKIV, BIBLIOTEK OG MUSEUM, OG MEDVERKE TIL AT KULTURARVEN BLIR TILGJENGELEG FOR DET NORSKE FOLK.

DELMÅL TIL OVERORDNA MÅL 3	STYRINGSPARAMETER TIL OVERORDNA MÅL 3	AMBISJON	KOMMENTARAR
3.1 Nasjonalbiblioteket skal vere i operativ produksjon med ABM-digitaliseringa.	3.1.1 Nasjonalbiblioteket skal vere i dialog med eit breitt spekter av ABM-institusjonar om samlingar for digitalisering.	50 institusjonar	Oppnådd 14)
	3.1.2 Nasjonalbiblioteket skal ta i mot samlingar frå fleire institusjonar i 2021.	15 institusjonar	Oppnådd 15)

- 1) Mens ein ventar på at nytt fjellanlegg kan takast i bruk er ein del materiale oppbevart på meir suboptimale mellomlager.
- 2) Det er ein nedgang i besøkstalet på nb.no i 2021 på 3,7 %.
- 3) Det var ein nedgang på 5,4 % i fysisk besøk frå 2020 til 2021. Dette knyter seg blant anna til at ei planlagt utstilling i 2021 blei flytta til 2022 pga. pandemien, og at vi planla eit noko lågare tal på arrangement enn året før.
- 4) I 2021 har Nasjonalbiblioteket deltatt i eller initiert 13 aktive prosjekt.
- 5) Det blei i 2021 publisert 28 artiklar (15 til NVI-rapportering).
- 6) Det er etablert eit samarbeid i samsvar med avtale.
- 7) Språkbankens katalog har i 2021 blitt oppdatert med 9 nye eller oppgraderte ressursar, bl.a. ein endeleg versjon av Stortingskorpuset, Målfridkorpuset, og NB-BERT.
- 8) Det har i 2021 vore høg aktivitet på lokalhistoriewiki.no, men aktiviteten er vanskelig målbar pga. overgang til ny statistikkmetode.
- 9) Det har pga. pandemien ikkje vore gjennomført besøk ved søsterinstitusjonar i løpet av 2020 og 2021. Nasjonalbiblioteket jobbar kontinuerleg med kvalitet og effektivitet på digitaliseringsfeltet.
- 10) Ressursane på pliktavlevering har samla sett gått ned frå 46,8 årsverk i 2020 til 43,6 i 2021. Ein stadig større andel av årsverka brukast på digitalt materiale.
- 11) I 2021 blei 96 % av bestillingane mot Depotbiblioteket utsendt i løpet av to døgn.
- 12) Det er sette i gang arbeid på 24 av 25 tiltak. 9 tiltak er løpande eller gjennomført.
- 13) Dagens løysning med kjøp av metadata blir vidareført ut november 2023. Ei permanent løysning skal vere på plass frå same dato.
- 14) Nasjonalbiblioteket har vore i kontakt med ca. 100 institusjonar om samlingar for digitalisering i 2021.
- 15) Nasjonalbiblioteket har fått samlingar frå 30 ABM-institusjonar i 2021.

UTVALDE NØKKELTAL

UTVALDE PRODUKSJONSTAL FRÅ DIGITALISERINGSPROGRAMMET	2019	2020	2021
Bøker – tal i sider	2 300 000	6 400 000	7 227 701
Avissider	4 700 000	5 600 000	7 243 202
Foto	502 000	956 000	895 540
Tidsskrift – sider	1 200 000	1 300 000	1 034 030
Lyd frå trua format – tal på einingar	4900	8400	9 559
Film – frames* per månad	602 422	533 000	528 707
Arkiv –sider	2 324 205	10 172 986	9 942 332

* Ein gjennomsnittleg film har 18–24 frames per sekund.

UTVALDE DIGITALE TENESTER – EININGAR SOM ER TILGJENGELEGE I HEILE NOREG	2019	2020	2021
Bøker (inkludert bøker som er tilgjengelege gjennom Bokhyllaavtalen)	285 006	288 116	288 519
Aviser (inkludert aviser som er tilgjengelege i norske bibliotek)	1 660 000	2 407 174	3 000 273
Tidsskrift (inkludert tidsskrift som er tilgjengeleg gjennom Bokhyllaavtalen)	28 564	40 560	52 438

BESØK	2019	2020	2021
Besøk på nb.no (nettbiblioteket), målt i økter	5 156 940	7 272 178	7 003 567
Podkastavspelingar, strøymetenester og varig lenkje til arrangementsopptak*	114 871	473 315	511 578
Samla tal for besøkande på Solli plass	202 680	86 258	73 628
Separate tal for fysisk besøkande til utstillingar og arrangement på Solli plass	41 721	25 607	17 264
Samla tal på besøkande – både digitalt og fysisk	5 474 491	7 831 751	7 588 773
* Tala viser at det har vært ein beskjeden auke i digitale avspelingar til podkast, strøymetenester og arrangementsopptak frå 2020 til 2021. Det kan nevntast at eit enkelt arrangement frå 2020, ein samtale med svartmetallbandet Darkthrone i oktober 2020, hadde nær 60 000 publikum, noko som trekker talet frå 2020 sterkt opp.			
ARRANGEMENT OG UTSTILLINGAR	2019	2020	2021
Arrangement	164	200	130
Utstillingar og plakattstillingar for folkebiblioteka	8	8	6



Førljusstemming på Nasjonalbiblioteket i Oslo.
Foto: Gorm K. Gaare.





DEL IV

STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

Nasjonallbiblioteket bruker mål- og resultatstyring som grunnleggjande styringsprinsipp i verksemda. Nasjonalbiblioteket viser til at den samla måloppnåinga er god.

Nasjonallbiblioteket gjennomfører risikoanalysar for handlingsplanen og for store satsingar. Det er eit overordna mål at det ikkje skal vere knytt vesentleg risiko til utføringa av samfunnsoppdraget.

I 2021 har verksemda konsolidert oppdraget med å utvide aktiviteten på Mo. Nasjonalbiblioteket er ferdig med rekrutteringsprosessane og arbeidde gjennom året med å utvikle produksjonsløyper. Ombygging av lokala

er sett i gang. Det blir no innhenta erfaringsgrunnlag knytt til organisering, og på slutten av driftsåret 2021 var verksemda i gang med organisatoriske justeringar med tanke på produksjonsoptimalisering.

Når det gjeld vurderingar av trusselbiletet, baserer dei interne vurderingane til Nasjonalbiblioteket seg på det trusselbiletet som PST og NSM presenterer. I tillegg blir det innhenta vurderingar om kriminalitet presentert av politiet i den årlege STRASAK-rapporten. Nasjonalbiblioteket har sett i verk ein intern prosess der oppdraget er å arbeide systematisk med å utvikle system for internkontroll og risikostyring og følgje opp desse.

Ressursbruk og effektivitet blir følgt opp mellom anna gjennom arbeidsplanar og konkrete produksjonsmål. Det blir òg arbeidd målretta med risikostyring som ein integrert del av verksemdsstyringa. Alle større satsingar, inkludert bibliotekstrategiar, blir gjennom året følgde tett opp i leiarmøte. Planane blir reviderte og risiko-vurderte med tanke på måloppnåing.

NÆRMARE OMTALE AV STYRING OG KONTROLL

Nasjonalbiblioteket gjennomfører årleg detaljerte budsjettgjennomgangar på alle nivå i verksemda. Førin-gane ved årlege rammer for tildelingar blir implemen-terte i planar og budsjett. Ved inngangen til året blir det gjennomført intern styringsdialog med alle direktørar. Etter denne blir den enkelte avdelingsdirektøren til-delt rammer og fullmakter. Dette skjer gjennom *Internt disponeringsskriv*, som blir følgt opp ved månadlege rap-porteringar.

Rekneskapsføring

Verksemda fører rekneskap etter SRS. Vurderinga er at oppfølginga av rekneskapsrapporteringa gir eit påliteleg nok grunnlag for styring og vedtak.

Likestilling

Nasjonalbiblioteket legg vekt på å oppfylle den pålagde aktivitetsplikta og følgjer opp alle tilsetjingsprosessar basert på lovpålagde krav og anbefalingar. Dette gjeld innanfor alle område som er framheva i regelverket, mellom anna arbeid for å fremje integrering, mangfald og likestilling. Det blir lagt særleg vekt på å inkludere personar med funksjonsnedsetjing og hindre diskrimi-nering av utsette grupper.

Nasjonalbiblioteket har ingen grunn til å tru at korona har hatt konsekvensar for likestillinga.

Verksemda er framleis særleg oppteken av å fremje like-stilling og unngå diskriminering ved alle tilsetjingar. Som tiltak innanfor aktivitetsplikta arbeider Nasjonal-biblioteket målretta med analysar basert på nøkkeltal av tilsettmassen for å minimere eventuelle diskrimine-ringsgrunnlag. Det blir mellom anna gjort ved hjelp av kartlegging, prosedyrar, revisjon av internkontrollar og medarbeidarundersøkingar:

- Kartlegging – samanstilling av personaldata. Verk-semda følgjer utviklinga for mellom anna:

LIKESTILLING

	ALLE STILLINGAR*			LEIARSTILLINGAR			LØNN**
	Menn	Kvinner	Tal	Menn	Kvinner	Tal	Kvinner/ menn
2020	49,5 %	50,5 %	477	50 %	50 %	36	97,1 %
2021	50,7 %	49,3 %	515	47 %	53 %	36	96,7 %

* Prosentdel menn og kvinner pluss antal stillingar. Målt berre for fast tilsette.

** Den gjennomsnittlege årslønna til kvinner i prosent av den gjennomsnittlege årslønna for menn. Målt berre for fast tilsette.

- kjønnsfordelinga i verksemda
- lønnsforhold – kan òg brytast ned på kjønn, alder, stillingskodenivå, lokasjon og avdeling
- arbeidstid (heiltid, deltid, overtid)
- fråvær – statistikk for foreldrepermisjonar, sjukefråvær, fråvær på grunn av sjukt barn – også pandemi-relatert etc.
- oversikt over uttak av personalpolitiske satsingar, til dømes seniorpolitiske tiltak og kompetansetiltak.

Data som kjem fram i slike kartleggingar, blir òg gått gjennom i forum for medbestemming (IDF).

- Prosedyrar – i verksemdsprosedyrane for tilsetjingar ligg det anbefalingar for korleis stillingsutlysingar skal utformast. Vi går jamleg gjennom prosedyrane med alle leiarar.
- Revisjonar av internkontrollar – vi går jamleg gjennom verksemdsprosedyrane, også med tanke på om dei fungerer for ulike grupper tilsette og arbeidsøkjarar, til dømes for personar med nedsett funksjonsevne.
- Medarbeidarundersøkingar – vi gjennomfører medarbeidarundersøkingar kvart andre år.

Nasjonalbiblioteket planlegg to aktivitatar i samband med dei utvida krava:

1. NB skal utarbeide ein modell for å risikoolysere områda diskriminering, mangfald og likestilling. Denne modellen skal, saman med kartlegging av no-situasjonen, danne grunnlag for eventuelle nye tiltak.
2. I Nasjonalbiblioteket er det få som har deltidstillingar. Det skal likevel utgreiast korleis NB kan vareta aktivitetspliktene overfor dei arbeidstakarane det gjeld.

Som følge av bemanningssituasjonen knytt til korona er ikkje desse aktivitetane gjennomførte i 2021. Aktivitetane er flytta til 2022.

HMS/arbeidsmiljø

Nasjonalbiblioteket har ein stabil tilsettmasse. Det er lite uønskt gjennomtrekk, og den gjennomsnittlege pensjonsalderen er svært høg (over 68 år).

Ved nyrekrutteringar legg Nasjonalbiblioteket stor vekt på å rekruttere personale med kompetanse som kan dekke behova våre også i framtida.

Mange av dei tilsette har produksjonsoppgåver som fører til ein statisk arbeidskvardag. Derfor legg vi stor vekt på tiltak for å motverke uønskete effektar av dette. Jobbrotasjon fungerer godt i enkelte seksjonar. Eit anna døme er innføring av tilrettelagd pausetrim i form av korte treningsøktar. Det er bedriftshelsetenesta som organiserer pausetrimmen.

Ved enkelte arbeidsprosessar nyttar ein kjemikalium som inneber ein potensiell helseisriko. I regi av AMU er risikoanalysen revidert i 2021, og handlingsplanen er oppdatert. Det blir gjennomført målretta oppfølging av risikoutsett personell i regi av bedriftshelsetenesta.

Medarbeidarundersøkingar

Medarbeidarundersøkinga frå seinhausten 2020 blei følgd opp i 2021. Resultat og oppfølgingsplanar blei mellom anna gjennomgått i ei utvida leiarssamling hausten 2021, der alle leiarar og tillitsvalde i verksemda var samla. Det er planlagt ei ny medarbeidarundersøking i 2023.

Inkluderingsdugnaden

Nasjonalbiblioteket har i fleire år arbeidd systematisk for å sikre at personalarbeidet vårt ikkje verkar ekskluderande for nokon partar. I prosedyrane våre har vi lagt

til rette for dette mellom anna ved å beskrive korleis utveljinga av jobbsøkjarar skal gjennomførast.

I 2021 blei det tilsett 36 personar i faste stillingar. Av desse blei 3 registrerte med behov for tilrettelegging, nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en.

For driftsåret 2021 oppnådde Nasjonalbiblioteket målsetjinga om 5 %.

Tilsetjingar	2021
Nytilsette totalt	36
Nytilsette frå målgruppene	3
Andel nytilsette med nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en	8,3 %

Krafttak for mangfold

I 2021 har Nasjonalbiblioteket saman med Universitetet i Oslo og forskingssatsinga UiO:Norden hatt ei lang rekke fysiske og digitale arrangement der vi har utforska ideen om det nordiske fellesskapet frå mellomalderen og fram til i dag. Vi har mellom anna sett på Nordens eldre og nyare historie i eit mangfoldsperspektiv, både med tanke på likestilling, urfolk, innvandring, bistand og ulike nordiske offentlegheiter.

Hausten 2020 opna Nasjonalbiblioteket ei utstilling om Nansenpasset, verdas første internasjonale identitetskort for flyktningar. Her fortalde vi om opphavet til Nansenpasset i kjølvatnet av den første verdskrigen og flyktningkrisa på den tida, og vi fortalde òg historiene til

nokre av flyktningane som kom til Noreg og busette seg her på denne tida. Vi trekte dessutan linjer til flyktning-situasjonen i Noreg i dag gjennom formidling på scenen og i sosiale medium som aktualiserte utstillinga.

100-årsjubileumet for Gunvor Hofmo blei markert med ei utstilling, ulike arrangement og ei bokutgiving. Her tok ein mellom anna opp ulike tema rundt legninga hennar og korleis den påverka både forfattarskapet og livet hennar. I boka *Verden og buksene* utforska forfattar Kaja Schjerven Mollerin korleis kjønnsidentiteten og kjærleiken til kvinner påverka den psykiatriske behandlinga Hofmo fekk, og korleis dette reflekterte synet på homofili og kvinners kjærleiksliv på denne tida.

Gjennom året utforska Yousef Hadaoui norske humorklassikarar som brubyggjarar mellom nordmenn og innvandrarar. Klassiske tv-seriar som Fleksnes, Fredrikssons fabrikk og Pompel og Pilt har fått generasjonar av nordmenn til å le, også nye nordmenn – men har vi ledd av det same, og kva kan det vi ler av, fortelje oss om den norske kulturen?

På skuleprogrammet relanserte og formidla vi ein serie arrangement med Leo Ajkic frå 2020, som blei sett av skuleelevar over heile landet.

Nasjonalbiblioteket har ansvaret for den fleirspråklege bibliotektenesta (DFB). DFB har tre hovudfunksjonar:

- ha ei innkjøps- og katalogavdeling for litteratur og andre medium på mange språk
- vere nasjonal fjernlånssentral for litteratur og medium på andre språk enn norsk
- gi rettleiing om bibliotektenester til eit fleirkulturelt norsk samfunn

DFB låner ut ca. 100 000 bøker i året og arrangerer kvart år ein konferanse for bibliotekarar om mangfald i biblioteket.

Nasjonalbiblioteket gjennomførte i 2021 ei brukarundersøking om DFB. Undersøkinga viste at alle norske folkebibliotek kjenner til DFB, og over 90 % svarer at dei kjenner godt til DFB. Rapporten viser at biblioteka er svært nøgde med den fleirspråklege bibliotekenesta.

Nasjonalbiblioteket samarbeider med Kungliga biblioteket i Sverige om tenesta Verdsbiblioteket, som er ei netteneste for strøyming av e-bøker og e-lydbøker. Verdsbiblioteket rettar seg direkte mot sluttbrukaren, og i Noreg kan alle med norsk IP-adresse nytte denne tenesta. Per i dag har Verdsbiblioteket bøker på rundt tolv språk. Det er e-bøker for både barn og vaksne, men med hovudvekt på barnelitteratur.

FNs berekraftsmål

På same måte som innanfor «krafttak for mangfald» er Nasjonalbiblioteket eit samfunnsinstrument for påverknad mot FNs berekraftsmål.

Satsinga innanfor digital formidling og kunnskapsdeling kan knytast til fleire av måla. Utviklinga og tilgjengeleggjeringa av ein norsk språkbank skal bidra til å utvikle ny teknologi – til dømes omsetjingsteknologi. Dette kan igjen utnyttast innanfor utdanningssektoren eller for å motverke ulikskap då det vil kunne vere med på å opne for deling av kompetansebyggjande informasjon.

Målretta utnytting av teknologi på verksemdsnivå fører til mindre reising og bidreg dermed til å redusere miljøavtrykket. I Nasjonalbiblioteket er vi dessutan opptekne av energieffektivisering og av å nytte såkalla grøn energi. Verksemda er miljøsertifisert.

Nasjonal bibliotekstrategi – Rom for demokrati og dan-nelse 2020–2023 (side 8) løftar fram berekraftsmåla:

De 17 målene og 169 delmålene tar for seg ulike sektorer og grupper, der bibliotekene er viktige bidragsyttere til mange av målene. Bibliotekene befinner seg i skjæringspunktet mellom kultur, utdanning og livslang læring, folkehelse og sosialt arbeid. Dette gir et godt utgangspunkt for å jobbe aktivt med bærekraftsmålene. Med 24 millioner besøkende bare i folkebibliotekene har bibliotekene en unik mulighet til å nå befolkningen med kunnskap om 2030-agendaen.

Ein legg derfor vekt på berekraftsmåla i utlysinga av prosjektmidlar til biblioteka. I 2021 blei det gitt støtte til ti bibliotekprosjekt som hadde berekraftsmåla som innsatsområde.

Hovudtemaet for Nasjonalbibliotekets årlege bibliotekleiar konferanse, som blei arrangert i oktober 2021, var bibliotek og berekraftsmål. Konferansen samla 200 bibliotekleiarar frå heile landet.

IA-avtalen og sjukefråvær

Nasjonalbiblioteket har som mål at sjukefråværet samla sett ikkje skal vere over 6,2 %. Frå 2018 til 2020 har sjukefråværet vore stabilt lågare enn målalet. Fråværet har gått frå 5,2 % i 2020 til 5,86 % i 2021. Pandemien har difor ikkje medført ei betydeleg endring i fråværet for NB. Det har gjennom heile pandemien vore fokus på rutinar for reinhald, moglegheit for å halde avstand og dessutan tilrettelegging så langt det har vore mogleg. Det har vore fokus på oppfølging frå leiarar, samtidig med stor grad av dialog og moglegheit til medverking frå tilsette og ansattrepresentantar.



FORHOLD SOM DEPARTEMENTET HAR BEDT NASJONALBIBLIOTEKET VERE SÆRLEG MERKSAM PÅ

Departementet har etablert ein praksis der god informasjonssikkerheit er eit fast oppfølgingspunkt i styringsdialogen. Nasjonalbiblioteket har via LISF (leiinga sitt informasjonssikkerheitsforum) oppretta ei eiga gruppe, ISF-informasjonssikkerheitsforum. ISF har som oppgåve å følgje opp sikkerheita i verksemda. Gruppa følgjer opp sikkerheitsplanen til leiinga både innanfor informasjonssikkerheit og fysisk sikring gjennom året og rapporterer tilbake til leiinga.

Aktivitet i 2021:

- Det har vore 10 møte i ISF-forum.
- Det er behandla 39 saker på desse møta.
- Det er behandla 26 informasjonssikkerheitsavvik.
- Vi har gått gjennom sikkerheitshjulet til NB. Sikkerheitshjulet har eksistert i fem år. Det består av vel 100 aksjonspunkt som blir gjennomførte kvart år. Eit døme på aktivitet er revisjon av tilgangar til dei fleste IKT-systema i NB.
- I samband med covid-19-utbrotet blei det gjennomført ein risikoanalyse knytt til at mange blei flytta til heimekontorløysingar. Det har mellom anna medført at Nasjonalbiblioteket har gjennomført ei gradvis oppgradering av sikkerheitsløysingar.

FELLESFØRING – TILTAK FOR Å MOTVERKE ARBEIDSLIVSKRIMINALITET

Nasjonalbiblioteket har innført virksamhetsspesifikke internkontrollprosedyrer for innkjøp. Det vil mellom anna si at alle større innkjøp blir kvalitetssikra av ein jurist og ein kontrollar. Det er for å sikre gode anskaffingar og for å følgje opp leverandørar og sjå til at dei rettar seg etter lover og reglar.



DEL V

VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Nasjonallbiblioteket er rusta for vidare drift. Dei økonomiske rammene slik dei er tildelte over statsbudsjettet 2021, gjer Nasjonallbiblioteket i stand til å oppfylle dei pliktene vi er pålagde gjennom lov om pliktavlevering, tildelingsbrev og andre føringar frå Kulturdepartementet.

Hausten 2019 blei Nasjonallbiblioteket tildelt 70 nye stillingar knytte til digitalisering for arkiv og museum i tillegg til bibliotek. Gjennomføringa av dette oppdraget har også i 2021 vore den viktigaste oppgåva vår. I tillegg til dette har verksemda framleis tre større satsingar som vil prege arbeidet i åra som kjem: implementering av den nye pliktavleveringslova, vidareføring av formidlingssatsinga og språksatsinga i samarbeid med Språkrådet.

Bibliotekstrategien (2020–2024). Bibliotekstrategien kjem til å prege arbeidsoppgåvene til Nasjonallbiblioteket i åra som kjem.

Eit vilkår for at Nasjonallbiblioteket skal kunne tilby tenester på dagens nivå, er at rammene slik dei er i 2021-budsjettet, ikkje blir ytterlegare reduserte. Aukande inflasjon og betydeleg høgare kraftprisar vil svekkje økonomien til verksemda i 2022. Dersom dette ikkje blir kompensert ved seinare budsjettjusteringar eller over tildelingar seinare år, vil økonomien til Nasjonallbiblioteket bli kraftig svekt. Dette i tillegg til årlege prosentvise driftskutt vil få konsekvensar for den daglege drifta og oppgåveløysinga.

Dersom det held fram slik, vil det få konsekvensar for Nasjonallbiblioteket sin ambisjon om å utvikle seg i rolla som ein offensiv kunnskapsinstitusjon i den norske offentlegheita.



↓ Foto: Peter Wessel Zapffe, 1918-1924.

DEL VI

ÅRSREKNESKAP

KOMMENTARAR FRÅ LEINGA TIL ÅRSREKNESKAPEN 2021

Formål
Nasjonalbiblioteket er eit bruttofinansiert forvaltingsorgan underlagt Kulturdepartementet. Det er gjort greie for samfunnsoppdraget og verksemda i del II og III i denne rapporten.

Nasjonalbiblioteket fører rekneskap etter statlege rekneskapsstandardar (SRS). I tillegg følgjer vi kontantprinsippet.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i samsvar med reglar om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå KUD i instruks om økonomistyring. Vi meiner at rekneskapen gir eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane, kostnader, inntekter, egedelar og gjeld.

VURDERING AV VESENTLEGE FORHOLD

Oppstilling av løyvingrapportering for rekneskapsåret 2021

Løyvingrapporteringa viser at dei samla løyvingane i 2021 har vore 849,7 millionar kroner. Av desse høyrer 82,4 millionar kroner til post 80, mens 104,8 millionar kroner er investeringar.

I tillegg er det løyvd inntil 19,0 millionar kroner på post 21. Dette er midlar som kan nyttast til å utvikle og drive fellestenester og felles infrastruktur på oppdrag frå departementet.

Bedrifta er tilpassa dei tildelte løyvingane, og den rekneskapsmessige statusen er følgd opp kontinuerleg med rapportering frå avdelingane og oversyn over interne budsjettdisposisjonar. I samsvar med den periodiserte rekneskapen (sjå resultatoppstillinga og balanseoppstillinga) er resultatet i år på 0 millionar kroner.

I 2021 blei det løyvd 82,4 millionar kroner til post 80. Heile løyvinga er brukt. For rekneskapsåret 2021 blei det tildelt 49,7 millionar kroner i satsingsmidlar – spelemidlar. Av desse er 4,9 millionar kroner brukte til å administrere ordninga – hovudsakleg lønnsmidlar til saksbehandling i samband med tildelingar. Det er i tillegg brukt midlar til administrative kostnader innanfor rekneskap og revisjon.

Tilleggsopplysningar

På oppdrag frå Kulturdepartementet har Nasjonalbiblioteket forvalta spelemidlar til prosjekt- og utviklingstiltak innanfor bibliotekfeltet. Midlane kjem frå speleoverskotet til Norsk Tipping AS i 2020 og utgjorde 49,7 millionar kroner i 2021. Rekneskapen for midlane blir førte på eige firma. Spelemidlar inngår dermed ikkje i rekneskapen til Nasjonalbiblioteket,

og denne rekneskapen blir ikkje revidert av Riksrevisjonen, men av privat revisor.

Riksrevisjonen er ekstern revisor og godkjenner årsrekneskapen for Nasjonalbiblioteket. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per d.d., men revisjonsmeldinga er venta å vere klar i 1. tertial 2021. Rapporten er unnta offentleg innsyn fram til Stortinget har fått Dokument 1 frå Riksrevisjonen.

Oslo, 15.03.2022

Aslak Sira Myhre

DIREKTØR, NASJONALBIBLIOTEKET

PRINSIPPNOTE TIL ÅRSREKNESKAPEN

Årsrekneskapen for Nasjonalbiblioteket er utarbeidd og avlagd etter nærmare retningslinjer som er fastsette i føresegnar om økonomistyring i staten («føresegnene»). I samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærmare føresegnar i Finansdepartementets rundskriv R-115 av desember 2020 og eventuelle tilleggskrav er årsrekneskapen fastsett av det overordna departementet.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- d) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis Nasjonalbiblioteket skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Nasjonalbiblioteket er tilknytt statens konsernkontoordning i Noregs Bank i tråd med krav i føresegnene pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved overgangen til nytt år blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningane Nasjonalbiblioteket står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som Nasjonalbiblioteket har rapportert til statsrekneskapen. Det er stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen som Nasjonalbiblioteket har fullmakt til å disponere. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva Nasjonalbiblioteket har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar konto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og plikter som Nasjonalbiblioteket står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal som Nasjonalbiblioteket har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Nasjonalbiblioteket har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje rapporterte som inntekt til statsrekneskapen og er derfor ikkje viste som inntekt i artskontorrapporteringa.

PRINSIPPNOTE II TIL ÅRSREKNEskapEN FOR NASJONALBIBLIOTEKET

Rekneskapsprinsipp for bruttobudsjetterte verksemdar.

Verksemdsrekneskapan er avlagd i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Elementa i resultat- og balanserekneskapan er nærmare spesifiserte i notane 1–16.

Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar er resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter blir resultatførte når dei er opptente. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet der overføring av risiko og kontroll er overført til kjøpar. Sal av tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

Inntekter frå løyvingar og inntekter frå tilskot og overføringar

Inntekter frå løyvingar og inntekter frå tilskot og overføringar skal resultatførast etter prinsippet om motsett samanstilling. Det inneber at inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar skal resultatførast i takt med at aktivitetane som er finansierte av desse inntektene, blir utførte, det vil seie i same periode som kostnadene er komne til (motsett samanstilling).

Bruttobudsjetterte verksemdar har ei forenkla praktisering av prinsippet om motsett samanstilling ved at inntekt frå løyvingar blir berekna som differansen mellom kostnadene i perioden og dei opptente transaksjonsbaserte inntektene og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultatet av aktivitetane i perioden blir null.



Kostnader

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i same periode som den tilhøyrande inntekta.

Utgifter som er finansierte med inntekt frå løyving og inntekt frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i den same perioden som aktivitetane er gjennomførte og ressursane er brukte.

Pensjonar

SRS 25 om ytingar til tilsette legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemder skal ikkje balanseføre netto pensjonsplikter for ordningar til Statens pensjonskasse (SPK).

Nasjonalbiblioteket resultatfører arbeidsgivardelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

Leigeavtalar

Nasjonalbiblioteket har valt å nytte forenkla metode i SRS 13 om leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

Klassifisering og vurdering av anleggsmidlar

Anleggsmidlar er verdien av varige og betydelege eigedelar som Nasjonalbiblioteket disponerer. Med varige eigedelar meiner vi eigedelar med utnyttbar levetid på 3 år eller meir. Betydelege eigedelar er eigedelar med anskaffingskost på 50 000 kroner eller meir. Anleggsmidlar er balanseførte til anskaffingskost fråtrekt avskrivningar.

Kontorinventar og datamaskiner (PC-ar, serverar m.m.) med utnyttbar levetid på 3 år eller meir er balanseførte som eigne grupper.

Varige driftsmidlar blir nedskrivne til den verkelege verdien ved endra bruk eller utnytting dersom den verkelege verdien er lågare enn den balanseførte verdien.

Eigenutvikling av programvare

Kjøp av hjelp til programvareutvikling er balanseført. Utgifter i samband med bruk av eigne tilsette knytte til applikasjonsutviklingsfasen ved programvareutvikling er balanseført.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidlar og kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar / langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar blir vurderte til den lågaste anskaffingskosten og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Behaldning av varer og driftsmateriell

